



STAVANGER KOMMUNE

Bymiljø og utbygging

Miljø og renovasjon

Dato: 04.06.2018

....

Kundenummer Rymi:

Informasjon til eigar av eigedom i Finnøy om kjeldesortering og innsamling av avfall

I samband med samanslåinga av kommunane Finnøy, Rennesøy og Stavanger, startar samarbeidet om renovasjon allereie i oktober 2018. For Finnøy sin del betyr det at renovasjonstenestane for din eigedom då blir dei same som Stavanger har i dag. Renovasjonen IKS vil fortsette å hente avfallet i Finnøy.

Når kjem endringa?

Renovasjonen IKS, som skal utføre tenesta, startar å sette ut spanna frå 1. oktober. Dei startar med Talgje, Finnøy og Sjernarøyene, og fortset så med resten av kommunen fram mot slutten av året.

Øyene Bokn, Byre og Nord-Hidle vil fortsetje med ei ordning som liknar på den dei har i dag, og får ikkje dette brevet.

Tre avfallsspann

Frå 1. oktober byrjar me å sette ut tre avfallsspann til kvar hushaldning:

- eit spann for restavfall (svart lok)
- eit spann for papiravfall (grønt lok)
- eit spann for organisk avfall (brunt lok)

I tillegg vil du få ein raud boks for farleg avfall og småelektrisk avfall.

Spanna blir tømt til ulike tider:

- Restavfall kvar 14. dag
- Organisk avfall kvar 14. dag
- Papir kvar 28. dag
- Frå 2019 kan du sjølv tinga tøming av den raude boksen for farleg avfall på hentavfall.no

Postadresse

Postboks 8001, 4068 Stavanger

Besøksadresse

Olav Kyrres gate 23

Telefon 51 50 70 90

Postmottak@stavanger.kommune.no

www.stavanger.kommune.no

Org.nr. 964 965 226

Alle abonnentar får utdelt ei lita korg for matavfall som du kan ha på kjøkenet og posar for matavfall.

Tømekalender kjem til hausten

Du vil få ein tømekalender saman med dei nye spanna. Kalendaren viser kva for eit spann du skal sette ut dei ulike vekene. Ta han i bruk så snart du har fått dei nye spanna.

Treng du større avfallsspann?

Standard storleik er 140 liters spann, men det er også mogleg å ha 240 liter for restavfall mot ekstra gebyr, og for papiravfall utan ekstra gebyr. Spann for organisk avfall finns berre som 140 liter, men du kan tinga fleire slike spann utan ekstra kostnad.

Ønsker du større spann enn standarden, ta kontakt med oss før 31. juli på e-post beholder@stavanger.kommune.no eller telefon 51 50 70 90.

Høyrrer vi ikkje frå deg, vil det svarte spannet du har i dag bli henta inn og erstatta av tre spann i standard storleik på 140 liter.

Renovasjonsgebyr

Det er storleiken på spannet for restavfall som bestemmer kor stort renovasjonsgebyret blir. Spann for papir, organisk avfall og farleg avfall er gratis. Renovasjonsgebyret er delt opp i ein fast og ein variabel del. Den faste gebyrdelen er lik for alle abonnentar.

I 2018 var prisen for renovasjonstenestene i Stavanger (inkl. moms):

- 140 liters spann for restavfall
Totalt 2 937 kroner (fast gebyr 1 189 kroner + 1 748 kroner i variabelt gebyr)
- 240 liters spann for restavfall
Totalt 3 953 kroner (fast gebyr 1 189 kroner + 2 764 kroner i variabelt gebyr)

Du kan rekne med små justeringar frå 2019 i forhold til dagens prisar. Heile det som blir den nye kommunen skal ha same pris, uansett kor ein bur og kor langt renovatørane må køyre.

For deg med særskilde behov

Vi kan i nokre høve gi fritak frå gebyret i deler av året, dispensasjon frå å sette fram spann eller andre fritak av særskilde grunnar. Desse kan du lese om på <https://www.stavanger.kommune.no/fritak-renovasjon>

Redusert gebyr om du komposterer

Vi oppmodar også innbyggerane våre til å kompostere organisk avfall. Om du vel å kompostere alt organisk avfall i tett kompostbeholdar, som er godkjent av kommunen, og samstundes ikkje vil ha det brune spannet for organisk avfall, gir kommunen 20 % reduksjon i renovasjonsgebyret. Sjå etter Hjemmekompostering i menyen på sida www.stavanger.kommune.no/kildesortering

Gratis henteordning for andre typar avfall frå 2019

Som innbygger i Finnøy vil du frå 2019 også kunne ta i bruk henteordningar som finst for andre typar avfall. På nettsida hentavfall.no kan du tinga henting av grovavfall, hageavfall, farleg avfall og tøy. Seinare vil det kome tilbod om henting av glasemballasje.

Gjenvinningsstasjonen på Judaberg vil bli drifta som før.

Du finn meir informasjon på Stavanger kommune sine nettsider,
www.stavanger.kommune.no/renovasjon-og-miljo



Helsing

Miljø og renovasjon



STAVANGER KOMMUNE